

*Informasjon
til foreldre med
barn i*



Barnehageåret 2026/2027
- Vedlegg til årsplan

Ryggjavegen 24,
6823 Sandane
tlf 94084914
e-post: post@ryggbarnehage.no
Heimeside: www.rygg.barnehage.no

Innleiing

Rygg barnehage er ein privat barnehage, og er organisert som eit samvirkeforetak. I dette ligg det at de som foreldre er med i samvirket som eig og driftar barnehagen. Barnehagen har eit styre samansett av valde foreldre, ein representant for dei tilsette og dagleg leiar. Styret er barnehagen sitt øverste organ. Barnehagen har to avdelingar, og er godkjent for 33 plassar for born i alderen 1-6 år.

I dette informasjonsskrivet finn de praktisk informasjon om Rygg barnehage og barnehageåret 2026/2027.

I tillegg har barnehagen ein eigen årsplan som viser korleis vi ivaretek barna sine behov, planlegg og organiserar kvardagen, kva fokusområder vi arbeidet etter og kva visjonen vår er (jmf. Barnehageloven). Årsplanen finn de til ei kvar tid på barnehagen si heimeside.

Som privat barnehage har vi eit eige sett med vedtekter som er relevante for foreldre å vite om. Vedtektene seier mellom anna noko om styringa av barnehagen, barnehageoppptak, opphaldstid og påmelding i feriar. Vedtektene ligg på heimesida.

Telefon

Barnehagen sitt telefonnummer er:

940 84 914 (Kontor)

940 84 905 (Blåklokka)

940 84 904 (Solsikka)

973 26 622 (Kvitveisen)

Praktiske opplysningar

Opningstider

Barnehagen si opningstid: kl. 7.15 – 16.30

Kjernetid: 09.00-14.00 – innanfor dette tidsrommet føregår dagens aktivitet.

Vi ynskjer at barna er i barnehagen desse timane. Dersom barna vert levert etter 09.00 eller henta før 14.00 ynskjer vi beskjed om dette.

Opningstidene kan fråvike frå ordinære tider i feriar dersom det er få barn i barnehagen og redusert bemanning. I slike tilfeller reduserar vi opningstida av sikkerheitsmessige årsakar og dei som vert berørte av dette får direkte beskjed.

Barn i Rygg barnehage har ei maks opphaldstid på 9 timar pr dag, som i praksis tyder at dei må hentast før det har gått 9 timar. Dette er i tråd med retningslinjene for barnehageopptak i Gloppen kommune.

For sein henting

Ved for sein henting, etter barnehagen si stengetid 16.30, vert foreldre fakturert eit «straffegebyr» på 100,- pr påbyrja kvarter. Dette for å dekke meirutgiftene dette medfører for barnehagen.

Oppseiingsfrist

Det er i følgje vedtektene for barnehagen tre månader oppseiingsfrist på barnehageplassen. Dette gjeld også endring av plass-storleik m.m. Oppseiing/endring av plass må skje skriftleg gjennom vigilo.

Teieplikt

Personalet har teieplikt etter forvaltningslova §13. Dette gjeld også vikarar, styret for barnehagen, praksiselevar og andre som måtte vere innom barnehagen.

Etter forvaltningslova §13 gjeld teieplikta for alle opplysningar som gjeld barn og heimane/familiane som personalet i barnehagen får kjennskap til – anten opplysningar vert gjeven i barnehagen eller utanfor.

Faste samarbeidspartnarar

Barnehagen har fleire gode samarbeidspartnarar både innad og utanfor kommunen. Samarbeid med eksterne instansar skjer alltid i samarbeid med foreldre og med barnet sitt beste som utgangspunkt. Dei tilsette i barnehagen er godt kvalifisert personell, men ikkje ekspertar på alt som angår barn. Vi set difor veldig stor pris på våre samarbeidspartar, som bidreg mellom anna med direkte arbeid med barn, rettleiing av personale og foreldre, og kompetanseheving.

Vi samarbeidar mellom anna med

- PPT – Pedagogisk psykologiske teneste
- Barnevernet
- Helsestasjon
- Fysioterapeut
- BUP – barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk
- Andre barnehagar
- Barneskulane i kommunen
- Gloppen folkebibliotek

Utover faste samarbeid har vi inni mellom samarbeid med Nordfjord folkemuseum, Høgskulen i Vestland, Røde kors, Barnas turlag og andre.

Sjukdom

Ein barnehagedag kan vere travel for både born og vaksne. Dersom nokon ikkje er i form, vert barnehagedagen ei ekstra påkjenning. Når borna er sjuke, skal dei ikkje vere i barnehagen, både av omsyn til seg sjølve og dei andre borna/ tilsette (smitte). Gje alltid melding dersom barnet ikkje kjem i barnehagen.

For sjukdomane diarè og oppkast gjeld 48 timar karantene etter siste tilfelle. Desse sjukdomane er svært smittsame og alle må overhalde 48 timar slik at vi unngår store utbrot av sjukdomane.

Om det er allergi eller andre ting vi bør ta omsyn til, må barnehagen få melding om dette. Ved bruk av medisinar skal det skrivast ei kontrakt på dette, med vedlagt instruksjonar.

Klede

Klede for ein aktiv kvardag er nødvendig for barna. Vi oppmodar foreldre om å kle barna i klede som er enkle og gode bevege seg i, slik at barna får bruke heile kroppen sin i lek og aktivitet. Klede som vert brukt i barnehagen vil bli slitasje på, så ver klar over dette når de vel kle og sko til barnehagebruk.

Alle barn har ei korg på plassen sin som skal fyllast med skifteklede. Har gjerne to av kvart plagg slik at vi har noko å byte til dersom det vert fleire skift. Vi ber foreldrene om å sjekke korga jamleg og fylle på umiddelbart når noko vert sendt heim.

Yttertøy er veldig sesongavhengig og må bytast ut ved behov. Støvlar og regnklede treng barna heile året og kan ligge fast i barnehagen. Hugs at fotstrikk er svært viktig for bukse/dress sin funksjon.

Barnehagen tørkar yttertøy til vårt bruk slik at barna kan vere ute fleire gongar for dag, men vi ber likevel foreldre med jamne mellomrom om å ta med klede heim for vask og tørk.

NB! Alle klede skal merkast med barnet sitt namn eller etternamn.

Bursdagsferiring og private leikar

Alle barn vert gjort stas på når dei har bursdag. Det er barnehagen som ordnar til feiringa for barnet og foreldre treng ikkje bidra med noko. Barnet får krone, song, bursdagsaktivitet og noko godt å ete/drikke.

I Rygg barnehage brukar vi ikkje private leikar, anna enn ved spesielle høve der det er organisert frå barnehagen si side.

Soving i barnehagetida

Barn som treng å sove i barnehagen si opningstid, får sjølvstilt anledning til dette. På storbarnsavdeling er det dagleg kvilestund med anledning til å sove for dei som treng, dei andre kviler med lydbok eller liknande roleg aktivitet.

På Blåklukka søv alle barn i vogn i eit eige soverom med umiddelbar nærleik til avdelinga. Dei vaksne har jamleg tilsyn med barna. Når på dagen barnet treng å sove tilpassar vi etter barnets behov i byrjinga, men felles sovetid finn stad mellom 11.30-14.00 etter kvart som barna er klar for ein kvil dagleg.

Med bakgrunn i søvnforskning og hjernen si utvikling under søvn, ynskjer vi ikkje at barna søv mindre enn 30 min pr kvil.

Prisar

Pris for barnehageplass i Rygg barnehage følger dei kommunale satsane og er pr 01.08.2025 fastsett til:

- 100% plass: 700,-
- 80% plass: 595,-
- 60% plass: 490,-

Matpengar

I Rygg barnehage får alle barna servert lunsj og mellommåltid (ca. 14.00) og foreldra betalar difor kostpengar. Desse satsane er tilpassa plasstorleik i barnehagen og følger Gloppen kommune sine satsar:

- 100% plass: 388,-
- 80% plass: 310,-
- 60% plass: 233,-

Bleieordning

For barn som brukar bleie, kan foreldrene velje om de vil nytte barnehagen si bleieordning. Den fungerer slik at barnehagen kjøper inn bleier til barna i riktig størrelse og har ansvar for at det alltid er bleier tilgjengeleg for barna. Barnehagen har god erfaring med ordninga og opplev at foreldra er fornøgde med denne.

For barn med 80-100% plass kostar det 40,- pr mnd for bleieordning.

Spørsmål om de ynskjer å nytte bleieordninga finn de i løyveskjema i kidplan.

Samarbeid heim-barnehage

Dagleg kontakt

Levering og henting er viktige arenaer for dagleg kontakt mellom heim og barnehage.

Vi ynskjer å ta oss litt tid i desse situasjonane og kunne utveksle nokre ord om barna.

Det er viktig for barnet sin dag at de orienterar personalet om forhold som kan vere av tyding (søvn, matinntak, travel helg, sjukdom, spesielle hendingar m.m).

Når de hentar barnet vil personalet saman med barnet orientere kort om dagen vår, og ta seg nokre ekstra minutt dersom det er noko spesielt.

Vi oppmodar om at de set av tid til dette.

Personalet må få beskjed om nokon andre enn foreldra skal hente barnet i barnehagen. Gje alltid beskjed dersom barnet ikkje kjem i barnehagen.

Foreldremøte

Barnehagen kallar inn til to foreldremøter i løpet av barnehageåret. Eit om hausten og eit om våren. Foreldremøtet på våren vert kombinert med årsmøtet i barnehagen.

Foreldremøte er ein god arena for foreldremedverknad og vi både ynskjer og oppmodar om at de deltek på møta og brukar arenaen til å medverke.

Foreldresamtaler

På kvar avdeling kallar vi inn til to foreldresamtalar pr år, ein på hausten og ein på våren. Tema i samtalane er barnet sin trivsel og utvikling i barnehagen, og samarbeid med heimen kring barnet sine utviklingsmessige behov.

Ynskjer de fleire samtalar eller treng ein liten prat, ta kontakt med pedagogisk leiar.

Kidplan

Rygg barnehage nyttar Kidplan som kommunikasjonsplattform. Her finn de bileter knytt til avdelinga ditt barn går på, månadsplan og -brev, løyveskjema og eventuelle felles beskjedar.

Ang. løyveskjema må begge foreldra svare for at dette skal vere gyldig. Dersom berre ein forelder svarar, tolkar barnehagen det som eit nei uavhengig av det eine svaret.

Parkering

Rygg barnehagen er godkjend som trafikksikker barnehage som tyder at vi må halde ein viss sikkerheitsmessig standard. Kring parkering tyder dette at det kun er parkeringsplassen ved Runnevang som skal nyttast, ikkje ved busskuret ved Blåklokka. Alle som går/syklar til barnehagen skal ha refleksvest, hjelm og forhalde seg til reglane for mjuke trafikantar.

Dugnad

Barnehagen er avhengig av foreldra si dugnadshjelp for vedlikehald. 1-2 gongar i året kallar vi inn foreldre til dugnad for diverse arbeid, primært på uteleikeplassen. Utover dette kan det kome særskilde førespurnadar om dugnadshjelp til ulike oppdrag ila året. I Rygg barnehage sine vedtekter er alle foreldre forplikta til å bidra på dugnadsarbeid 5-12 timar i løpet av barnehageåret.

Samarbeidsutval (SU)

Barnehagen sitt samarbeidsutval er bindeledd mellom foreldre og barnehagen og har som føremål fremje samarbeid mellom pratane. SU kan fremje saker på vegne av foreldra og vil ivareta foreldra sine interesser.

Barnehagen oppmodar om å nytte SU i saker som handlar om barnehagen sitt innhald, drift eller andre ting.

Barnehageåret 2026/2027

Barnehageåret 2026/2027 vert det 29 barn i Rygg barnehage der 20 av barna tilhøyrer storbarnsavdeling. Vi delar difor dei store barna i to grupper og har tre avdelingar dette året.

Blåklokka (1-3 år)

Kvitveisen (3-4år)

Solsikka (5 år)

Planleggingsdagar 2026/2027

Barnehagen har 5 planleggingsdagar kvart barnehageår. Desse dagane er barnehagen stengt. Planleggingsdagane vert brukt til planlegging, organisering, evaluering og kompetanseheving.

Planleggingsdagar året 26/27:

- Fredag 14. august 2026 (bhg.år 25/26)
- Måndag 5. oktober 2026
- Tysdag 6. oktober 2026
- Fredag 29. januar 2027
- Fredag 7. mai 2027

Første dag i nytt barnehageår er måndag 17.august.

I barnehagen må du ha:

- Drikkeflaske
- Eigen solkrem i sesong
- Ytterkle etter sesong, men alltid regklede og støvlar
Haust: tynn dress, regnvottar, tynne vottar/hanskar, goretex sko, hue
Vinter: vinterdress, vintervottar, tjukk hue (gjerne med hals), hals/buff, vintersko
Vår: tynn dress, regnvottar, tynne vottar/hanskar, goretex sko, hue
Sommar: tynn dress, utebukse, tynn jakke, joggesko, tynn hue/panneband
- Mellomlagsklede: dress eller bukse og genser i fleece eller ull
- Skifteklede:
 - 2-4 par sokkar
 - 2-4 truser
 - 2 strømpebukser
 - 2 bukser
 - 2 t-skjorter
 - 2 genserar
 - ekstra vottar/hanskar og hue/panneband

Hugs å merke alt godt!

Styret og SU

Barnehagen sitt styre vert vald på årsmøtet, og 23.04.26 vart dette styret vald.

Styreleiar:	Lars Johan Sivertsen
Styremedlem:	David Rygg
Styremedlem:	Gunnvor Anette Ness
Styremedlem tilsett:	Malene Støylen
Dagleg leiar, referent:	Marte Christensen
Vara:	Eli Kristin Arnestad

Samarbeidsutvalet består pr 23.04.26 av: Jens Gule og Kristiane Utheim Brown, Malene Støylen (tilsett) og Marte Christensen (dagleg leiar).

Personaloversikt Rygg barnehage 2026/2027

Styreleiar:	Lars Johan Sivertsen
Dagleg leiar:	Marte Christensen

Blåklokka

Pedagogisk leiar:	Linda Fredheim Kandal	100%
Barnehagelærer:	Janne Mettenes	80%
Assistent:	Malene Støylen	80%
Assistent:	Alona Zelena	60%

Kvitveisen

Pedagogisk leiar:	Line Bygd	100%
Assistent:	Victoria Skjerdal	80%
Assistent:	Benedicte Hjartholm Denk	100%

Solsikka

Pedagogisk leiar:	Hege Aagaard	100%
Fagarbeidar:	Trienke Eilander	100%

Alona Zelena dekkjer planleggingstid på Kvitveisen og Solsikka i 10% pr avdeling, og er vikar på huset i 20%.

Ringevikar pr august 2026 er Yuliia Danilenkova.

Den første tida i barnehagen

Den første tida i barnehagen omtalar vi som tilvenning. Det er ei viktig tid for at barnet skal kjenne seg trygg nok til at det er ein god plass å vere medan foreldre er på jobb. Pedagogisk leiar på avdelinga vil lage ein plan for tilvenningstida slik at den vert best mogleg tilrettelagt for alle som er nye i barnehagen. I praksis tyder dette at barna får ulike tidspunkt å vere i barnehagen på dei første dagane, slik at avdelinga har god nok kapasitet til å ta seg av både dei nye barna og dei som går her frå før. Når det nærma seg barnehagestart får de meir informasjon om dette frå pedagogisk leiar.

Viktige grunnprinsipp i tilvenninga er tryggleik, tid og ro. Vi seier gjerne at dei første vekene er tilvenningstid, men det er individuelt korleis barna reagerar på den nye tilværelsen. Vi tek det difor litt som det kjeme og verdsett dialogen med foreldra høgt denne første tida.

